

Eksamen

01.06.2021

FRI2002 Frisyredesign

Programområde: Frisør

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Vedlegg 1: Arbeidsbeskrivelse klipp Vedlegg 2: Arbeidsbeskrivelse fargebehandling
Vedlegg som skal leverast inn	Vedlegg 1: Arbeidsbeskrivelse klipp Vedlegg 2: Arbeidsbeskrivelse fargebehandling
Informasjon om vurderinga	I denne oppgåva skal du vise kompetansen din gjennom desse vurderingskriteria (alle kriteria blir vekta likt): <ul style="list-style-type: none">• evne til å analysere stil, ønske og behov hos kunden for å skape eit bestemt uttrykk i frisyren• samsvar mellom arbeidsbeskrivingar/teikningar og skriftleg forslag til fargeendring og klippeform• evne til å kommunisere med kunden og gi rettleiing om val av produkt• evne til å forklare samanhengen mellom forbruk og tid og til å forklare korleis produktivitet og lønnsemd heng saman

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke til!

Oppgåve

Kunden din i dag er ei kvinne på 24 år. Ho fortel deg at ho jobbar som modell og viser klede for internasjonale klesdesignarar, noko som fører med seg reiser til både London, Paris og New York.

No treng ho hjelp til å finne sin eigen personlege stil og ber deg komme med forslag om kva som kan kle henne.

Ho ønsker ein frisyre som ho kan bruke til kvardags, og som kan stylast til catwalk. I konsultasjonen analyserer du dei anatomiske føresetnadene hennar. Ho er nesten 180 cm høg, har blå auge og langt hår som rekk henne til midt på ryggen. Ho har tidlegare fått lagt inn lyse striper i håret. No har ho cirka 5 cm ettervekst med den naturlege hårfargen sin, som er mørk blond.

Ut frå desse føresetnadene blir de einige om ei ny klippeform og ei fargeendring.

Ho fortel at ho har vore litt rundt og forhøyr seg om prisar og er overraska over kor store variasjonar det er. Ho spør om du kan forklare henne kvifor det er så ulike prisar, og kvifor frisørar tar seg ulikt betalt. Ho ber så om eit prisoverslag for den behandlinga du skal utføre.

Ho ønsker også å få råd og rettleiing om korleis ho kan stelle håret sitt heime, og tips til val av produkt.

- a) Du skal ut frå dei opplysningane du har fått, utarbeide eit skriftleg forslag til ny klippeform og fargeendring. Forklar og grunngi vala dine.
- b) Du skal utarbeide ei arbeidsbeskriving/arbeidsteikning for klipp og fargeendring. Sjå vedlegg 1 og 2.
- c) Du skal gi kunden eit prisoverslag ho forstår. Derfor må du forklare og grunngi samanhengen mellom forbruk av varer og tid og korleis produktivitet og lønnsemd heng saman.
- d) Du skal rettleie kunden i korleis ho sjølv kan stelle håret sitt heime, og gi tips til val av produkt.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Vedlegg 1: Arbeidsbeskrivelse klipp Vedlegg 2: Arbeidsbeskrivelse fargebehandling
Vedlegg som skal leveres inn	Vedlegg 1: Arbeidsbeskrivelse klipp Vedlegg 2: Arbeidsbeskrivelse fargebehandling
Informasjon om vurderingen	I denne oppgaven skal du vise kompetansen din gjennom følgende vurderingskriterier (alle kriteriene vektes likt): <ul style="list-style-type: none">• evne til å analysere kundens stil, ønsker og behov for å skape et bestemt uttrykk i frisyren• samsvar mellom arbeidsbeskrivelser/tegninger og skriftlig forslag til fargeendring og klippeform• evne til å kommunisere med kunden og gi veiledning om valg av produkter• evne til å forklare sammenhengen mellom forbruk og tid og til å forklare hvordan produktivitet og lønnsomhet henger sammen
TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN: <ul style="list-style-type: none">• Start med å lese oppgaveinstruksen godt.• Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.• Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.• Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.	

Lykke til!

Oppgave

Kunden din i dag er en kvinne på 24 år. Hun forteller deg at hun jobber som modell og viser klær for internasjonale klesdesignere, noe som fører med seg reiser til både London, Paris og New York.

Nå trenger hun hjelp til å finne sin egen personlige stil og ber deg komme med forslag om hva som kan kle henne.

Hun ønsker en frisyre som hun kan bruke til hverdags, og som kan styles til catwalk. I konsultasjonen analyserer du hennes anatomiske forutsetninger. Hun er nesten 180 cm høy, har blå øyne og langt hår som rekker henne til midt på ryggen. Hun har tidligere fått lagt inn lyse striper i håret. Nå har hun cirka 5 cm ettervekst med den naturlige hårfargen sin, som er mørk blond.

Ut fra disse forutsetningene blir dere enige om en ny klippeform og en fargeendring.

Hun forteller at hun har vært litt rundt og forhørt seg om priser og er overrasket over hvor store variasjoner det er. Hun spør om du kan forklare henne hvorfor det er så ulike priser, og hvorfor frisører tar seg ulikt betalt. Hun ber så om et prisoverslag for den behandlingen du skal utføre.

Hun ønsker også å få råd og veiledning om hvordan hun kan stelle håret sitt hjemme, og tips til valg av produkter.

- a) Du skal ut fra de opplysningene du har fått, utarbeide et skriftlig forslag til ny klippeform og fargeendring. Forklar og begrunn valgene dine.
- b) Du skal utarbeide en arbeidsbeskrivelse/arbeidstegning for klipp og fargeendring. Se vedlegg 1 og 2.
- c) Du skal gi kunden et prisoverslag hun forstår. Derfor må du forklare og begrunne sammenhengen mellom forbruk av varer og tid og hvordan produktivitet og lønnsomhet henger sammen.
- d) Du skal veilede kunden i hvordan hun selv kan stelle håret sitt hjemme, og gi tips til valg av produkter.

Vedlegg 1

NB: Du skal ikke fylle inn navnet ditt, bare kandidatnummeret.


ARBEIDSBESKRIVELSE – KLIPP

Kunde: _____ Frisør: _____ Dato: _____

Prosjeksjon Struktur

DESIGNLINJER	Front	Høyre side	Venstre side	Nakke	
	Indre område			Ytre område	
	Front	Topp	Krone	Foran øre	Nakke
Klippform					
Prosjeksjon					
Distribusjon					
Tekstur (1-10)					
Effilering					
Verktøy					
Kommentarer					

ANALYSE AV ANATOMISKE FORUTSETNINGER	
Ansiktsform	
Type	
Aldersgruppe	
Annet/ Kommentarer	



Kjelde/Kilde: Norske frisør- og velværebedrifter. Tilgjengeleg frå / Tilgjengelig fra:
<https://frisorfaget.no/content/tegninger-og-verktoy-3> Sist besøkt: 24.02.21

Vedlegg 2

NB: Du skal ikke fylle inn navnet ditt, bare kandidatnummeret.

ARBEIDSBESKRIVELSE – FARGEBEHANDLING

Kunde: _____ Frisør: _____ Dato: _____



FORUTSETNINGER

Ansiktsform:	Aldersgruppe:	Type:	Tidligere fargebeh.:	
Hårtype:	Hårkvalitet:	Naturfarge / fargedybde:	Fargeretning:	Gråprosent:



Planlagt resultat:

ARBEIDSBESKRIVELSE

	Indre område	Ytre område
Forbehandling		
Produktvalg		
H ₂ O ₂ , styrke, virketid, blandingsforhold		
Metoder og teknikker		
Verktøy / materiell		



Kjelde/Kilde: Norske frisør- og velværedrifter. Tilgjengeleg frå / Tilgjengelig fra:
<https://frisorfaget.no/content/tegninger-og-verktoy-3> Sist besøkt: 24.02.21



www.vigoiks.no/eksamen